



---

**Referansar:** KR 32/13, KM 2/14, NFG 14/14, KR 31/14, BM 24/14, NFG 23/14, KR 60/14, NFG 04/15, KM 05/15, LMU 29/15, 40/15, NFG 11/15, KR 48/15, NFG 06/16, KR 21/16, KR 38/16, LMU 01/16, 13/16, BM 22/16, 42/16, KR 53/16, LMU 01/17, 02/17, NFG 5/17, KM 04/17, LMU 04/17, 06/17, NFG 13/17, 18/17, KR 36/17, BM 09/18.

**Arkivsak:** 17/03186-8

## Liturgisk musikk – allmenn serie 2

### Samandrag

Vi viser til sak KR 36/17 *Liturgisk musikk- Allmenn serie 2*. Saka vart sendt over til Bispemøtet, som handsama den liturgiske musikken i sitt møte i februar 2018. Bispemøtet vil styrke den trinitariske forståinga av Gud i Kyrie-leddet i Allmenn hovudserie 2. Som følge av dette, vert teksten til Kyrie (nynorsk):

*Kyrie eleison, miskunna deg over oss.  
Kriste eleison, miskunna deg over oss.  
Kyrie eleison, miskunna deg, over oss.*

Vedtaket i sak BM 09/18 får ingen konsekvensar for den musikalske utforminga av leddet.

### Forslag til vedtak

Kyrkjerådet justerer tekstforma i Kyrie-leddet i tråd med Bispemøtet sitt vedtak. Teksten til Kyrie i Hovudserie 2 vert slik på nynorsk:

Kyrie eleison, miskunna deg over oss.  
Kriste eleison, miskunna deg over oss.  
Kyrie eleison, miskunna deg over oss.

Teksten på bokmål vert slik:

Kyrie eleison, miskunne deg over oss.  
Kriste eleison, miskunne deg over oss.  
Kyrie eleison, miskunne deg over oss.

## Saksorientering

### Bakgrunn

Vi viser til sak KR 36/17, der Kyrkjerådet handsama saka om liturgisk musikk. Kyrkjerådet vedtok følgande:

1. Kyrkjerådet vedtek Hovudserie 2, som innehold desse fire ledda:

- Kyrie/ Bønerop -av Mari Tesdal Hinze,
- Gloria/ Lovsong - av Magnus Beite,
- Sanctus/ Heilag – av Torbjørn Dyrud,
- Agnus Dei/ Du, Guds Lam – av Tore W. Aas.

2. Saken blir oversendt Bispmøtet for lærermessig uttalelse.

Kyrkjemøtet 2017 vedtok i sak KM 04/17 å delegere til Kyrkjerådet å vedta denne liturgiske hovudserien. Kyrkjemøtet 2017 seier i vedtakspunkt fem i denne saka:

Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet om ein meir gjennomarbeidd Allmenn 2, med betre samsvar mellom dei ulike ledda. Serien bør vere eit tydelegare musikalsk sjanger-alternativ til allmenn serie 1 og 3. Kyrieleddet bør vere trinitarisk.

Kyrkjemøtet gir Kyrkjerådet mandat til å arbeide fram og vedta hovudserien Allmenn 2.

Nemnd for gudstenesteliv (NFG) vedtok ny Allmenn hovudserie 2 hausten 2017. NFG vedtok musikken til Kyrie av Mari Tesdal Hinze og Agnus Dei av Tore W. Aas. Når det gjeld Gloria og Sanctus, tinga Kyrkjerådet to nye satsar som nemnda seinare vedtok, eit nytt Gloria med Laudamus, av Magnus Beite, og eit nytt Sanctus, av Torbjørn Dyrud.

Tekstane til Sanctus og Agnus Dei samsvarer med tekstane i *Gudsteneste for Den norske kyrkja* (Eide, 2011). Når det gjeld Gloria med Laudamus, vedtok NFG å nytte ein justert versjon av teksten til Heidi Strand Harboe, som var å finne i *Gudsteneste for Den norske kyrkja* (Eide, 2011). Kyrie- teksten hos Hinze bygde på ein av tekstane som er å finne i gudstenesteboka, men var ikkje likelydande med nokon av tekstane som er å finne der. For å følge opp vedtaket Kyrkjemøtet gjorde i KM 04/17, vedtakspunkt 5, «Kyrieleddet bør vere trinitarisk», vedtok NFG følgande i sak NFG 13/17:

NFG anbefaler at Kirkerådet tar kontakt med komponist Mari Tesdal Hinze, med spørsmål om å gjøre noen justeringer i tekst og musikk. NFG ønsker å be komponisten om å ta inn en passasje med teksten «Kriste eleison» mellom de to «Kyrie eleison» som er der i dag, slik at leddet får en trinitarisk form. I tillegg ønsker NFG at teksten «miskunne deg» endres til «miskunne deg, Gud», for å skape bedre musikalsk flyt og bedre tekstdeklamasjon.

Etter dette gjorde Kyrkjerådet, som vi alt har sett, vedtak i saka om liturgisk musikk i KR 36/17. I handsaminga i Kyrkjerådet om det opp spørsmål knytt til teksten i Kyrie, slik han føreligg i Hovudserie 2. Kyrkjerådet sende difor med følgande merknad då saka vart sendt til Bispmøtet:

Komponisten har nå bearbeidet komposisjonen til et treleddet Kyrie i tråd med NFGs tekstforslag. Teksten lyder nå:

Kyrie eleison, miskunne deg, Gud, over oss.  
Kriste eleison, miskunne deg, Gud, over oss.  
Kyrie eleison, miskunne deg, Gud, over oss.

Dette er tekstformen som oversendes Bispemøtet til lærermessig uttalelse. NFG fant altså at det var en god løsning å ta inn ordet *Gud* til hvert av de tre leddene. Med dette uttrykkes at både Faderen, Sønnen og Den hellige ånd er Gud. Slik ivaretas det trinitariske formen som vi har i en kortere form i «Gudstjeneste for Den norske kirke» s 2.7: «Kyrie eleison. Kriste eleison. Kyrie eleison». Å ta inn ordet *Gud* her gir også en god musikalsk flyt.

En innvending til denne formen kan være at tiltalen *Gud* gjerne oppfattes som et begrep utekkende for Faderen. Forstått slik, kan tekstformen virke uklar ved at tiltalen *Gud* brukes i alle tre ledd.

En alternativ løsning kunne eventuelt være å endre teksten til følgende ordlyd:

Kyrie eleison, miskunne deg over oss.  
Kriste eleison, miskunne deg over oss.  
Kyrie eleison, miskunne deg over oss.

Det er mulig å tilpasse denne tekstformen til den nye musikken. Det var også slik den opprinnelige tekstformen var i komposisjonen, når en ser bort fra at teksten nå er blitt treleddet og andre ledd har fått tiltalen «Kriste eleison». Kirkerådet vedtok ingen endringer i teksten med bakgrunn i en muntlig fordypende redegjørelse fra administrasjonen i tråd med teksten i dette brevet.

Bispemøtet handsama saka i sitt møte i februar 2018.

I BM 09/18 *Lærebehandling – liturgisk musikk*, vedtok Bispemøtet:

Bispemøtet har fått oversendt Kirkerådets vedtak om liturgisk musikk i allmenn serie 2 for lærermessig behandling, og vil uttale følgende:

- Musikken understreker Kyrieleddets funksjon og innhold.
- Det har fått en treleddet form hvor ordet «Gud» benyttes i alle tre leddene uten en nærmere utdyping. Ordet «Gud» i Kyrie bes derfor fjernet i alle ledd, da det heller enn å styrke gudsbegrepet svekker den trinitariske forståelsen av Gud.

Utover dette har Bispemøtet ingen lærermessige innvendinger til den liturgiske musikken i allmenn serie 2. Bispemøtet drøftet om de to siste leddene i Gloria burde omarbeides slik at de blir tydeligere uttrykk for lovprising, jf de vedtatte tekstene i Ordning for hovedgudstjenesten fra 2011. Bispemøtet konkluderer med at dette ikke er lærermessig nødvendig.

Om Kyrkjearådet vedtek å justere tekstforma i Kyrie-leddet i tråd med Bispemøtet sitt vedtak, er hovedserie 2 endelig godkjent og orientering om dette vert gitt til Kyrkjemøtet.

## **Økonomiske/administrative konsekvensar**

Saka høyrer med til tidlegare handsama saker om liturgisk musikk. Ho får ingen økonomiske eller administrative konsekvensar utover det som allereie er vedteke av Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet i dei tidlegare sakene.